

## Referat frå styremøte 5.feb.- 18

Desse møtte: Mette Marie, Bjørg, Solveig, Kristin, Nelly og Sunneva.

### Sak 14/-18 Referat og orienteringar

- \* «Aktivitetstiltak for å motvirke ensomhet og passivitet»: Det blir ikkje sendt søknad til Helsedirektoratet.
- \* Studiekurs i organisasjonskunnskap: Leiar fekk informasjon frå Oslokontoret om dette, styret avventar litt.
- \* Seterbokpris: 300kr. i sal. 150 kr. for medlemmer, 100 kr. pr. bok til dei som sel. Kristin kontaktar etter kvart alle salsstader, Bjørg orienterer friviljuge lag om at dei kan hente seterbok til gevinst.
- \* Høyringsdokument «Politisk plattform for NBK»: Leiar har sendt svar frå VBK.
- \* Kveldstur og kveldsmat: Held fram som planlagt med datoane 26.feb. 19. mars. 23. april. Vi evaluerer etter det, og ser om det er aktuelt å halde fram til hausten, og ev. meir enn 1 gong pr. månad.
- \* Den kulturelle spaserstokk: Leiar søkte om og fekk kr. 2700 i støtte for 3 «Syng med oss» og 1 Julelag på VTS.
- \* Lagerplass til seterbøker og anna VBK-materiale: Leiar skriv til kommunen og ber om plass på Martin Linge-huset.
- \* Beredskap: Mette har vore på møte i beredskapsrådet og orienterte litt, møtet handla mykje om naturkatastrofe. NBK har laga hefte om beredskap som handla om mat.

### Sak 15/-18 Studieleiarvervet

Solveig tok kasserarjobben saman med Kjell Rønning. Kristin overtek då studieleiarvervet. Samrøystes.

### Sak 16/-18 Jubileumsmiddag 18.feb. kl. 15.30 på Jordbærstova

- VBK var 85 år i 2017. Middag kl. 16, tre rettar.  
Kåseri v/ Arne Ruset, Musikk v/ Svein Even Holstad,.  
Lagshistorikk v/ leiar. Samlesong og La oss leve for kvarandre - Sunneva.  
Årsal og gevinster - Nelly.  
Betaling: Medl. kr. 250, ikkjemedl. kr. 400, særskilt inviterte går gratis.  
( Ruset, Holstad, representantar frå Valldal og Fjørå helselag, Fjørå og Valldal pensjonistlag, pårørandeforeninga, kulturskolen, Sylteormen bakeri, Lions og Norddal bygdekvinne lag.)  
Innbydingsplakat til medl. og innbyding til samarbeidspartnarar - Bjørg.  
Påmelding innan 14. feb. til Nelly el. Solveig.

### Sak 17/-18 Bygdefest 24.mars på Martin Linge-huset

- Program i Kultursal, mat i idrettshallen, matservering i foajeen.  
Kan vere aktuelt med 4-5 stk frå VBK til for eks. pynte, dekke bord, ause opp mat (skal kjøpast) selje billetter.  
Solveig og Kristin har meldt seg på, er det andre som har høve til å stille på ei stund?  
Solveig er kontaktperson, Kristin vara frå VBK for arbeidsgruppa på huset. Inntekta går til Martin Linge-huset.

### Sak 18/-18 Fylkesårsmøte 17.og 18. mars på hotell Aleksandra, Molde.

- Leiar Mette sit i fylkesstyret, Solveig sit i valkomiteen - begge møter og VBK betaler ikkje for dei.  
Nelly kan reise, Kristin kanskje. Styret tek saka att seinare.

### Sak 19/-18 Kafegruppa og Tur/aktivitetsgruppa

Nelly har kjøpt inn 2 hefter til bruk i gruppene.  
Bjørg klargjer dei, skriv inn m.a.ansvarsområde og legg ved ei medlemsoversikt.  
Hefta kan hentast på Frivilligsentralen hos Bjørg.

### Sak 20/-18 Årsplan

Bjørg har ansvar for å lage eit hefte med årsplan til medl.  
Innhald i temamøte i april og sept. vart diskutert,  
Det var nemnt samarbeid med Sylteormen i april og kulturminnedagane 8.- 16. sept  
(Typisk norsk-ikkje berre norsk) kanskje få til noko «Til seters»opplegg i september.

Sak 21/-18    Eventuelt  
Mathelg i Lom 7.-9.april  
Mange flotte tilbud, noko er og gratis. Arne Brimi er på noko.  
Gå inn på Mathelg i Lom og les. Kanskje medl. kan reise saman. Der er også lov å ha med  
følgje.

Sunneva Linge skriar